

Kommunedelplan for energi og klima i Stranda kommune

Varsel om oppstart av planarbeid.

Forslag til planprogram

I samsvar med plan- og bygningslova (pbl.) § 11-12 og vedteken planstrategi varslar vi oppstart av arbeid med ny tematisk kommunedelplan for energi og klima. Samstundes legg vi framlegg til planprogram ut til offentleg ettersyn i samsvar med pbl. §§ 4-1, 5-2 og 11-13. Merknader til planprogrammet vert å sende Stranda kommune, Øyna 13, 6200 Stranda eller post@stranda.kommune innan **20.9.2018** frist på minimum 6 veker. Etter høyringa vil kommunestyret vedta endeleg planprogram.

Føremål med planarbeidet

Planarbeidet skal styre arbeidet med reduksjon i utslepp av klimagassar, redusert energibruk og meir bruk av energi frå fornybare kjelder fram mot 2030. Planen skal vise status, kommunen sine mål og tiltak. Den skal også omfatte kommunen si rolle som mynde og samfunnsaktør med ansvar for planlegging og rollene som tenesteytar, innkjøpar, eigedomsforvaltar m.m. Planen skal gjelde perioden 2019 til 2030.

Status og utfordringar

Gjennom Parisavtalen har Noreg slutta seg til måla om å avgrense temperaturstigninga på jorda frå 1850 til 2100 til godt under 2 grader Celsius. Avtalen bind også landa å arbeide for å avgrense temperaturstigninga til 1,5 grader.

Noreg skal kutte i utsleppa av klimagassar fram til 2020 med 30 % av utsleppa i 1990, og har rapportert inn mål om å kutte 40 % innan 2030. Gjennom klimalova (<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2017-06-16-60?q=klimalova>) har Noreg også lovfesta eit mål om eit lågutsleppssamfunn innan 2050. Møre og Romsdal har ein eigen delplan for klima- og energi (<https://mrfylke.no/Tenestekomraade/Plan-og-analyse/Regional-planlegging/Regionale-delplanar/Regional-delplan-for-klima-og-energi>). Stranda og andre kommunar lyt ta sin del av ansvaret.

Stranda kommune sin eksisterande plan for energi og klima vart vedteken av kommunestyret 30.10.2011 (KOM-109/10). Planen gir mål om å redusere klimagassutsleppa samla sett med 10 % innan 2020 fordelt på både bygg (stasjonær energi), transport og arealplanlegging, forbruk/avfall og landbruk, og i tillegg mål om tilsvarande reduksjon i energiforbruk og auka fornybar andel både for eigne bygg og kommunen som samfunn. Ansvaret er i handlingsdelen fordelt ned på ein skilde sektorar i kommunen med fristar for gjennomføring. Eit sentralt grep var rapportering på oppfølging i årsmelding på gjennomføring av energi- og klimatiltak. Evalueringa syner at dette ikkje har vore følgt godt nok opp. Klimagassutsleppa frå Stranda kommune har i følgje Miljødirektoratet sin statistikk auka frå 2009 og til 2016.

Kommunestyret har gjennom kommunal planstrategi 2016-2020 (KOM 071/12 av 20.06.2012) sett opp denne planen for revisjon eller rullering i planperioden. Dagens plan legg opp til å talfeste klimaeffekten av energiforbruk og at det vert sett eigne mål for

energiforbruk og for direkte klimagassutslepp.

Samfunnsdelen av kommuneplanen (*Kommuneplan for Stranda kommune. Samfunnsdelen. 2018-2030*, under arbeid), har følgjande hovudmål fram til 2025 :

Hovudmål:

1. Stranda kommune – ei kommune å vere stolt av: Næringsliv, turisme og bygdeutvikling

Delmål:

1. Folketalet i alle bygdelaga skal stabiliserast og helst auke i planperioden
2. Stranda kommune skal få ei større «vi-kjensle»
3. Stranda skal vere ein trygg og sikker kommune
4. Stranda skal vere ein sunn og helsefremjande kommune

Det som gjeld klima og energi er innarbeidd i delmål 4: Redusere klimautslepp, ureining og miljøskadar ved å stille krav metodar, utstyr og produkt ved innkjøp av tenester i kommunen.

Organisering, planprosess

For å oppfylle krav i statleg retningsliner av 04.09.2009 om energi- og klimaplanlegging vil kommunen utarbeide ein ny tematisk kommunedelplan etter krava i plan- og bygningslova, kapittel 11.

Det er alt etablert eit samarbeidsforum for kommunane på Sunnmøre gjennom Sunnmøre Regionråd som skal hjelpe til med arbeidet. Rådmannsgruppa er styringsgruppe for samarbeidsforumet. Samarbeidet med regionalt mynde og andre kommunar vert organisert gjennom samarbeidsforumet. Innkjøp av ekstern bistand til utgreiingar som er felles for fleire av kommunane vert også samordna gjennom forumet. Det kan også vere aktuelt å køyre felles prosessar og fagsamlingar saman med andre liknande samarbeidsfora, t.d. Klima Østfold.

Sjølve utarbeidinga av planen vert leia av kommunalsjef plan og utvikling med næringssjef som hovudansvarleg. Ein ønskjer å involvere heile kommuneadministrasjonen, med vekt på Næring/Teknisk (herunder landbruk) og Økonomi som dei mest sentrale.

Det vert sett ned ei administrativ arbeidsgruppe som skal ha om lag månadlege møte. Gruppa skal vere diskusjonspartnar for næringssjef og kommunalsjef og sjølv delta aktivt i planarbeidet. Arbeidsgruppa har følgjande medlemmer:

- Rådmann,
- Næringssjef
- Kommunalsjef, plan og utvikling
- Kommunalsjef, oppvekst
- Stranda Energi
- Stranda hamnevesen KF
- Stiftinga Geirangerfjorden verdsarv
- Barn og unge sin representant

Styringsgruppe for arbeidet vil vere kommuneplanutvalet (KPU). Styringsgruppa vil bli halden orientert om framdrift i planarbeidet, og verte førelagt prinsipielle avgjerder. Høyring og vedtak vil elles skje etter reglane i plan- og bygningslova og kommunen sine prosedyrar der aktuelle utval kan kome med sine innspel.

Stranda kommune arbeider med ny kommuneplan og arbeidet med kommunedelplan for energi og klima vil bli samordna med dette arbeidet. I motsetnad til dei største byområda i landet kjem ikkje Stranda kommune inn under ordninga med byvekstavtalar, der staten bidreg med midlar til kollektiv-, sykkel- og gangvegtiltak langs riksvegar mot forpliktingar om å nå mål om nullvekst gjennom tiltak innan areal og samferdsel. Det synest elles vere ei utfordring å få etablert felles løysingar for kommunane på Søre Sunnmøre med tiltak og restriksjonar i høve utslepp frå lokaltrafikk noko som krev tillit mellom kommunane for å unngå uheldig dreining av handelsbalanse.

Medverknad

Samarbeid med næringslivet, Statens vegvesen, Kystverket, Avinor, Nettbuss, Fjord 1, områdekonsesjonærar som nettselskap og ÅRIM (interkommunalt avfallsselskap) og frivillige lag og organisasjonar vert gjennomført som temamøte i regi av samarbeidsforumet. Regionalt planforum vil også bli nytta som arena.

Det kan også vere aktuelt å arrangere fellesmøte, eller direkte informasjonsmøte knytt til høyringa av planutkastet, t.d. for leiarane i ungdomsråda. Elles vil ein nytte elektronisk kommunikasjon gjennom kommunane sine heimesider, sosiale media, lokalaviser o.a.

Høyring av planframlegget vert gjennomført etter reglane i pbl. § 11-14, jf. § 5-2.


Alternativ som vil bli vurdert

Planen skal vurdere ulike typar tiltak som kan gje reduksjon i utslepp av klimagassar, redusert energibruk og auka andel fornybar energi. Der det er mogeleg skal mål og tiltak tidfestast, kostnadsreknast og effekten skal talfestast (kWh eller tonn CO₂-ekvivalentar). Miljødirektoratet sine tiltaksberekningar som er under utarbeiding skal nyttast så langt råd. Det skal lagast framskrivingar som syner klimagassutsleppa fram mot 2030, med og utan gjennomføring av tiltak.

Målsetjinga i planen skal munne ut i eit *handlingsprogram* som skal fordele ansvar. Det må vidare gjerast ei vurdering av kor detaljert handlingsprogrammet skal vere og om det eventuelt bør avgrensast til strategiar som vert følgd opp i utarbeiding av meir konkrete, årlege tiltak som eit klimabudsjett/rekneskap knytt opp mot økonomi og budsjettarbeidet.

Planen må avklare korleis ein kan sikre at mål og tiltak frå handlingsprogrammet vert teke inn i arealplan, samfunnsdel, økonomiplan og årsbudsjett.

I følgje miljødirektoratet sin kommunefordelte klimagasstatistikk er det sjøfart, vegtrafikk og jordbruk (husdyr og husdyrgjødsel) som er største kjeldene til direkte klimagassutslepp i kommunen, jf. figur:



Ein vil difor i planarbeidet leggje hovudvekt på følgjande tema:

- Erfaring frå evaluering av eksisterande plan og oppfølginga av denne
- Mål og statistikk over utvikling og framskrivning av utslepp av klimagassar
- Etablering av metodikk (t.d. klimagassrekneskap) for årleg ajourføring av klimagassutslepp
- Sjøfart
- Utgreiing av konkrete tiltak innan arealplanlegging og tilrettelegging for utsleppsfri transport, her under kollektivtrafikk og gang-/sykkelsti
- Utgreiing av konkrete tiltak innan jordbruk, t.d. tilrettelegging og bruk av biogass
- Miljøkrav ved offentlege innkjøp

Tilpassing til klimaendringar inngår ikkje som tema i planen. Kommunen vil behandle dette temaet i kommuneplanen der klimatilpassing inngår.

Delutgreiingar, framdrift

Det vil bli gjennomført følgjande delutgreiingar:

- Transportanalyse med tiltak for å redusere biltrafikken i aktuelle sentrum, fjerne flaskehalsar for kollektivtrafikk og betre tilrettelegging for bruk av gange/sykkel
- Ladeinfrastruktur for bil/båt/buss
- Elektrifisering ev. hydrogenisering av sjøtransport i hamneområdet

I tillegg til det verte utarbeidd retningsliner for kommunale miljøkrav ved offentlege innkjøp, basert på nytt lovverk og digital rettleiing frå Difi.

Ein tek sikte på planvedtak i kommunestyret hausten 2019. Det er sett opp følgjande framdriftsplan:

Prosess	2018			2019			
	2. kvartal	3. kvartal	4. kvartal	1. kvartal	2. kvartal	3. kvartal	4. kvartal
Høyring planprogram Varsel om oppstart							
Vedtak, planprogram							
Arbeid med plan							
Medverknad							
Offentleg ettersyn							
Handsaming innspel							
Vedtak av plan							

Arbeidet vert finansiert med bruk av egne midlar, samt tilskot til samarbeidsforumet gjennom Miljødirektoratet sitt ordning for Klimasats, der kvar kommune som deltek i klima og energinettverket kan få inntil kr 25 000,- pr år. Delutgreiingar som lista opp ovanfor lyt finansierast eksternt over budsjettet for 2018/19 med ca. 100 000 kr. I kva grad arbeidet elles vil avhenge av andre eksterne utgreiingar og bistand vil avhenge av kva kapasitet ein administrativt får til å prioritere arbeidet.